

# Møteprotokoll

**Utval:** Nærøyfjorden verneområdestyre

**Møtestad:** kommunehuset, Aurland

**Dato:** 23.04.2018

**Tidspunkt:** 10:30 – 12:00

## Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Norval Distad	Leiar	AUR
Jan Geir Solheim	Medlem	LÆR
Bjørg Djukastein	Medlem	VOSS
Iril Schau Johansen	Medlem	HOFK

## Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Olav Turvoll	NESTL	VIK
Gunn Åmdal Mongstad	MEDL	SFFK

## Følgjande varamedlemmar møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Marianne Bøthun	Olav Turvoll	VIK

## Merknadar

## Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Anbjørg Nornes	Sekretær/forvaltar

## Andre:

Kristoffer Ullern Hansen SNO Aurland

## Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Elektronisk godkjent av:

Norval Distad Bjørg Djukastein

## Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv-saksnr
ST 10/18	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 11/18	Val av eit styremedlem til å skrive under protokoll		
ST 12/18	Nærøyfjorden landskapsvernombord - lyspunkt i Nærøyfjorden		2018/1041
ST 13/18	Nærøyfjorden landskapsvernombord - tilrettelegging av inngangsparti ved gapahuken på Hovdungo		2014/730
ST 14/18	Nordheimsdalens naturreservat - avgrensa hogst i Brendali		2018/1244
ST 15/18	Nærøyfjorden landskapsvernombord - skilt om fartsavgrensing i sjøen i Flåm		2018/1382

### Orientering

2. mai er det informasjonsmøte om verdiskapingsprosjektet «Velkommen til villreinfjellet», eit forprosjekt i regi av Hardangerviddarådet og Nordfjellarådet. Forvaltar orienterer om besøksstrategiarbeidet i Nærøyfjordområdet på møtet.

Medlem i energi- og miljøkomiteen på Stortinget, Liv Kari Eskeland, kjem på besøk til Nærøyfjorden 4. mai. Programmet er båttur frå Gudvangen og utover i Nærøyfjorden, med informasjon om forvaltning av verneområda i Nærøyfjordområdet.

Orientering om programmet på besøksstrategisamlinga på Geilo 22. og 23. mai.

Grunneigar på Styvi gard har tatt initiativ til planlegging av open dag på Styvi ei av dei fyrste helgene i juni. Styret støttar initiativet til open dag og formidling av kulturlandskapsverdiane i området. Styret vil vera med på delfinansiering av arrangementet.

Forvaltar orienterte om utforming av informasjonsskilt på teltplass på Stokko, og bruk av merkevarestrategien i verneområdet. I verneområdet skal merkevarelogo for Norges nasjonalgardar nyttast.

Det er lyst ut konkurranse på arbeid med sti- og murarbeid i Nærøyfjorden landskapsvernombord, og konkurranse på kjøp av rapportarbeid på besøksstrategi for forvaltningsknutepunktet Aurland.

### ST 10/18 Godkjenning av innkalling og dagsorden

**Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 23.04.2018**

## **Vedtak**

Innkalling og dagsorden med revidert sakliste vart godkjent.

### **ST 11/18 Val av eit styremedlem til å skrive under protokoll**

#### **Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 23.04.2018**

## **Vedtak**

Bjørg Djukastein vart valt til å skriva under protokollen saman med styreleiar.  
Protokollen vert elektronisk godkjent.

### **ST 12/18 Nærøyfjorden landskapsvernområde - lyspunkt i Nærøyfjorden**

#### **Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 23.04.2018**

## **Handsaming i møte**

Jan Geir Solheim var ugild i saka, jf. forvaltningslova § 6 e).

Noralv Distad kom med framlegg om at saka vart utsett. Søkjar vert oppmoda om å vurdera lyspunkt utanfor verneområdet. Det vart røysta over framlegg frå Distad. Med dobbelstemme frå styreleiar Distad, var det 3 røyster for Distad sitt framlegg, og 2 røyster mot framlegg frå Distad.

## **Vedtak**

Saka er utsett. Søkjar vert oppmoda om å vurdera lyspunkt utanfor verneområdet.

### **ST 13/18 Nærøyfjorden landskapsvernområde - tilrettelegging av inngangsparti ved gapahuken på Hovdungo**

#### **Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 23.04.2018**

## **Handsaming i møte**

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar.

## **Vedtak**

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Stig Arne Borlaug løyve til å legge steinheller framfor inngangen til gapahuken på Hovdungo. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde og naturmangfaldlova § 48, og gjeld med følgjande vilkår:

- Det skal nyttast Stein frå området.
- Steinlegginga skal avgrensast til inngangspartiet framfor gapahuken.

- Steinane skal leggjast slik at dei fylgjer terrenget. Det skal ikkje vera ein steinlagd plattning.
- Arbeidet skal sluttførast innan 01.09.2018.
- Det skal sendast rapport med bilde av tiltaket til Nærøyfjorden verneområdestyre innan 01.10.2018.

## **ST 14/18 Nordheimsdalen naturreservat - avgrensa hogst i Brendali**

### **Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 23.04.2018**

#### **Handsaming i møte**

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar.

#### **Vedtak**

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Aurland fjellstyre løyve til å ta ut 6 til 10 tre til ved nær hytta i Brendali i Nordheimsdalen naturreservat. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nordheimsdalen naturreservat punkt VI nr. 7, og gjeld med følgjande vilkår:

- Trea som vert hogd skal vera i nærleiken av hytta. Det skal plukkast ut lauvskog, og mindre furutre.
- Uttaket skal avgrensast til det som er naudsynt for ved til hytta.
- Hogsten skal gjennomførast i 2018.
- Det skal sendast rapport frå hogsten til Nærøyfjorden verneområdestyre innan 31.01.2019. I rapporten skal det leggjast ved biletar av område før og etter hogst.

## **ST 15/18 Nærøyfjorden landskapsvernombord - skilt om fartsavgrensing i sjøen i Flåm**

### **Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 23.04.2018**

#### **Handsaming i møte**

Noralf Distad var ugild i saka, jf. forvaltningslova § 6 e). Iril Schau Johansen vart valt til setteleiar for denne saka.

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar

#### **Vedtak**

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Aurland Hamnevesen løyve til å sette opp skilt om fartsavgrensing i sjøen i Flåm. Løyve er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernombord og naturmangfaldlova § 48 første ledd og første alternativ. Løyve gjeld med følgjande vilkår:

- Størleiken på skiltet skal vera inntil 1,5 meter høgde x 1,5 meter lengde, jf. forskrift om farvasskilt og navigasjonsinnretning.

- Skiltet skal plasserast nær punktet med kartkoordinatane N:6749720, Ø:398135 (WGS 84/UTM zone 32N), nordaust for Vetle Sandhaugen.
- Skiltet skal festast til 89 mm stålrojr som er bora ned i fjellet og festa med ekspansjonsboltar.
- Skiltet skal plasserast i terrenget slik at det stettar kravet om å vera synleg for sjøfarande, samtidig som det skal ha god tilpassing til natur og landskap. Dersom det er mogleg, skal skiltest plasserast inntil ein stor stein/fjellvegg for å vera mindre dominerande i landskapet.
- Aurland Hamnevesen er ansvarleg for vedlikehald av skiltet.
- Dersom skilt om fartsavgrensing ikkje lenger er aktuelt, skal Aurland Hamnevesen fjerna skiltet og stålroyra.

Dette løyvet gjeld berre tilhøvet etter verneforskrifta.